

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ragnhild Aanestad
Arkivsaksnr.: 18/842 - 2

Arkiv: 146 F

Planlagt behandling:

Senior og brukarrådet – til uttale
Hovudutval for lokal utvikling
Hovudutval for helse og velferd
Formannsskapet
Kommunestyret

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN 2018-2021

Bakgrunn for saka

I tråd med kommunen sin planstrategi, er det utarbeidd ny bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2021. Planen byggar på førre bustadsosiale handlingsplan. Ein del av tiltaka frå siste planperiode er lagde fram i egne politiske saker;

Sak 18/16 (KS) Etablering og drift av boligløsning for personer uten bolig.

Sak 19/16 (KS) Bustadbehov og behov for oppfølging for unge under 25 år.

Sak 40/16 (KS) Bustadsosial handlingsplan- oppfølging.

Sak 34/15 (HV) Treningsleiligheter for ungdom, Smievegen.

Sak 12/16 (HV) Boliger til mennesker som ønsker å forbli rusfrie.

Prosess

Planen er utarbeidd av bustadsosial strategigruppe som er samansett av leiarar og sentrale personar i lokal utvikling, helse og velferd og økonomiavdelinga. Bustadsosial strategigruppe er etablert for å sikra felles forståing og kontinuitet i det bustadsosiale arbeidet. Gruppa skal og sikra at planen vert følgt opp i avdelingane.

Brukarforum har vore involvert og kome med innspel til planen. Brukarforum vil framover ha ein representant i strategigruppa.

Planen

Overordna mål i planen er:

- Alle innbyggjarane i Klepp skal kunna bu trygt og godt.

Delmål:

- Bustadpolitikken i kommunen skal utformast slik at innbyggjarane i størst mulig grad tek ansvar for eigen busituasjon.
- Flest mulig av dei som treng tilrettelegging eller oppfølging i frå kommunen ein periode, skal på sikt ta ansvar for eigen busituasjon.
- Legga til rette for at innbyggjarane skal kunna bu heime.
- Det skal vera tilstrekkeleg og eigna bustader til vanskelegstilte.
- Det skal gis tilstrekkeleg oppfølging i bustad til dei som har behov for det.
- Det bustadsosiale arbeidet skal vera samordna og heilskapleg.

Kvart delmål er følgt opp med 2-5 tiltak, kven som er ansvarleg før å følgja opp tiltaket og tidspunkt for gjennomføring.

Vurdering

Planen legg vekt på at innbyggjarane i størst mulig grad skal ta ansvar for eigen busituasjon, og at innsatsen skal rettast mot dei som har størst behov for hjelp og støtte frå kommunen.

Bustadsosiale verkemiddel som kommunen administrerer har som mål å utjamna sosial ulikskap, inkludert redusera barnefattigdom, noko den nasjonale strategien «Bustad for velferd 2014-2020» legg stor vekt på. Det er viktig å retta særlig innsats overfor barnefamiljar og unge framover. Bustad og nærområde har stor betydning for barn og unges oppvekstvilkår.

Ei utfordring i bustadsosialt arbeid har vore å ha ei samla oversikt over bustadbehovet til vanskeligstilte. Særlig når det gjeld unge med behov for langvarige og koordinerte tenester, er det viktig å ha oversikt for å koma tidlig nok i gang med planlegging av bustad. Ei av oppgåvene tillagt bustadkontoret, som blei etablert 1.9.2017, er å ha samla oversikt over bustadbehovet i kommunen. I tillegg er det eige tiltak i planen «Ha god oversikt og årlig oppdatering av bustadbehov til unge under 24 år med behov for langvarige og koordinerte tenester».

Ei anna utfordring har vore å kunna tilby eigna bustader til vanskeligstilte. Behovet endrar seg over tid, og dei bustadene kommunen kjøpte for mange år sidan, samsvarer ikkje alltid med dagens behov. Det kan dreia seg både om sjølve bustaden, geografisk plassering og kven andre som bur i på same plassen eller i nærleiken. I komande planperiode er det ønskelig å sikra at kommunen har bustader som samsvarer med behovet. Det er både aktuelt å selja bustader kommunen eig i dag, samt skaffa nye for å imøtekoma dagens behov. Eit tiltak i ny plan er difor å «Etablere effektiv ordning for kjøp og sal av bustader som sikrar at kommunen til ei kvar tid har dei bustadene det er behov for».

Å etablere bustadkontor var eit viktig tiltak i førre planperiode. Bustadkontoret har bidrege til samordning av Husbanken sine verkemiddel, betre koordinering og større heilskap i det bustadsosiale arbeidet. Innbyggjarane har fått ein plass å gå til, og det tverrfaglige arbeidet er styrka. Bustadkontoret vil ha ei sentral rolle i mange av tiltaka i den nye planen.

Vedlegg:

- Bustadsosial handlingsplan 2018-2021

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til senior- og brukarrådet til uttale, og til hovudutval for lokal utvikling, hovudutval for helse og velferd, formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Bustadsosial handlingsplan 2018-2021 blir godkjent.
2. Tiltak som har økonomiske konsekvensar blir vurderte i økonomiplanen.
3. Planen blir evaluert og lagt fram til politisk behandling midtvegs i perioden.

Rådmannen i Klepp 16.08.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.